



Martin Hauge frå Uskedalen og Age Lyngnes frå Omvikdalen grublar over teikneseriefigurane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Overgangen til ungdomsskolen var eit diskusjonstema i fjor sommar i Uskedalen. At det slett ikkje er ei forsømt oppgåve vart demonstrert i Aktivitetshuset onsdag kveld.

Frå hausten vil 44 elevar som no går i sjuandeklassane ved Uskedalen, Omvikdalen og Malmanger skuler bli til to åttandeklassar ved Rosendal ungdomsskule.

Som eit tiltak for å letta denne årlege prosessen har det i mange år vore halde "bli-kjende-treff" på omgang ved dei tre skulane. Og onsdag kveld vart det første denne våren treffet halde i Uskedalen. Seinare i vår er det Malmanger sin tur.



Eirin Rørheim og Ann Lisbeth Moen frå Uskedalen fekk nok å gjera då dei skulle retta svara i tevlinga dei hadde laga sjølv. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det kan vera kjekt å bli kjende på førehand, sa "programleiar" Thomas Mathiesen då han opna treffet. Og i etterkant var medelevane hans tydelegvis einige: Det hadde vore kjekt! – Morosamt, sa ein. – Triveleg, sa ein annen.



Etter ein spananende tevling smaka det godt med pizza. Guro Næs og Tonje Bryn frå Malmanger sit nærast fotografen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er 23 sjuandeklassingar ved Malmanger, 15 i Uskedalen og 6 i Omvikdalen dette året og 40 møtte fram til treffet der Uskedalen tok seg godt av vertskapsrolla under leiing av lærar Svein Sunde.

Naturleg nok var det eit prinsipp at elevane frå dei tre skulane skulle blandast ved borda.

Uskedalen-klassa hadde laga sjokoladecake, som vart servert etter pizza og brus. Men før dei kom så langt som til matøkta var det avvikla ei spanande tevling som var laga av elevane Eirin Rørheim og Ann Lisbeth Moen – heilt utan innblanding frå andre.

Medelevane deira fekk bryne seg på ei rekkje tema, til dømes namn på kjendisar, teikneseriefigarar og dyr. Det var også spørsmål om bilmerkje, ordtak og sport.

Etter matøkta vart det gjennomført ei ny tevling der dei skulle skrive namna på 20 teikneseriefigarar.

Den siste timen var meir avslappa.

Då kunne elevane knytte nærmare kontakt – til dømes ved ein liten svingom om dei hadde lyst til det.

Av Ola Matti Mathisen



Sjuandeklassingar frå tre skular rundt eit bord: Frå venstre Ann Lisbeth Moen, Uskedalen, Malin R. Omvik, Omvikdalen, Pernille Amalie Lande, Omvikdalen, Hege Hjelmeland, Malmanger og Idunn Ebony Uglehus Bøyum, Malmanger (Foto: Ola Matti Mathisen).